

## Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknadar.

Saklista vart godkjent utan merknadar.

### SAKER SETT PÅ SAKSKARTET I LØPET AV TINGSETET

Fylkestinget sette SI 3/20 Interpellasjon frå Davies (A) - Klimakrise på saklista for møtet utan saksførelegg:

- PS 21/18 Global klima- og økologisk krise.

**Øyvind Strømmen (MDG)** sette fram forslag til uttale om flyktningar frå greske flyktningeleire.

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

**Hilde Horpen (Sp)** sette fram forslag til uttale «Få Gulatingslova heim!»

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

**Jeanette Syversen (R)** sette fram forslag til uttale for eit trygt arbeidsliv i Vestland.

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

37 av representantane (Sp, H, Frp, FNB, KrF) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 11-3.

Følgjande saker vert difor sett på saklista for møtet utan saksførelegg:

- PS 22/18 Uttale om flyktningar frå greske flyktningeleire.
- PS 22/18 Få Gulatingslova heim!